



EGILL DANIELSEN STIFTELSE
Nygaten 8
NO 5017 BERGEN

Att. Bjørnar Gilje

Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 23 Bnr 1 - Meland - Holtermandsvegen 2 A - Frekhaug - Egill
Danielsen Stiftelse - Nybygg

Vi viser til søknaden av 24.06.2019 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Novarorm AS.

Arbeidstilsynet har mottatt følgende:

- Søknad om samtykke
- Teikningar
- Arbeidsmiljøfaktorar
- Dokumentasjon på medverknad frå tilsette og arbeidsgivar

Søknaden omfatta oppføring av nytt skulebygg for Danielsen ungdomskule Frekhaug. Det er planlagt for 180 elevar og 25-30 tilsette.

Bygget er fordelt på to etasjar med eit areal på totalt 1934,4 kvm.

Arbeidstilsynets vurdering

Arbeidsmiljølova §§ 4-1 og 4-4 stiller krav til korleis arbeidsmiljøet skal utformast slik at det blir fullt forsvarleg. Krav til arbeidsplassar er nærmare regulert i arbeidsplassforskrifta.

For at arbeidslokala skal vera inkluderande og likeverdige for alle tilsette, stiller arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og arbeidsplassforskrifta § 2-4 krav om at alle arbeidsplassar skal være tilrettelagt for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne. Bygget er universelt utforma og heis er installert.

Arbeidstilsynet har vurdert at det er behov for eit tilfredsstillande inneklima i arbeidslokala jf. Arbeidsplassforskrifta § 2-14. Inneklima og luftkvalitet på arbeidsplassen påverka arbeidsinnsatsen og trivselen til de som arbeidar i lokala. Det er ikkje lagt ved dokumentasjon for inneklima og ventilasjon så en vil at dykk skal ettersenda dokumentasjon for ventilasjon og inneklima.



Alle arbeidsplassar skal garderobar, normalt avskilt garderobar for kvinner og menn. Arbeidstakarane sit behov er avgjerande for utforming og dimensjonering jf. Arbeidsplassforskrifta § 3-4.

Krav til avskilte garderobar er absolutt der arbeidets art gjer det nødvendig å skifte frå privat tøy til arbeidstøy, samt der arbeidet eller helsemessige forhold gjer dusj nødvendig. Det kjem fram i teikningane at det er avskilte garderobar for kvinner og menn.

Det er pauserom med kjøkkenkrok som også har dagslys. Lærerrommet har også dagslys.

Arbeidstilsynet har vurdert at det er nødvendig med krav til dagslys og utsyn jf. Arbeidsplassforskrifta § 2-10, det er vesentleg for arbeidsmiljøet at det er dagslys og utsyn.

Kvar arbeidsplass bør ha eit golvareal på minst 6 kvm, dette gjeld både enkeltrom og kontorlandskap. Arbeidsplassforskriften § 2-1 andre ledd uttaler at: Golvarealet skal være så stort at det blir tilstrekkelig fri plass til gode og varierte arbeidsstillinger og bevegelser, og slik at arbeidet og bruk av arbeidsutstyr ikke medfører fare for sikkerhet og helse. Kommentardelen uttaler blant anna: Kvar arbeidsplass bør ha et golvareal på minst 6 m². Dette gjelder både enkeltkontor, felleskontor og kontorlandskap. Ut i frå teikningane så kjem det fram at golvarealet er mindre enn det anbefalt arealet på 6 kvm. Vis dette vil føre til ein negativ arbeidsmiljøfaktor så er arbeidsgivar plikta til å vurdere endringar. Arbeidsgivar er plikta til å gi eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, tilstrekkeleg med golvareal er ein av faktorane.

Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjetle ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Kvar arbeidsplass bør ha eit golvareal på minst 6 kvm, dette gjeld både enkeltrom og kontorlandskap.
Arbeidsplassforskrifta § 2-1 andre ledd uttaler at: Golvarealet skal være så stort at det blir tilstrekkeleg fri plass til gode og varierte arbeidsstillinger og bevegelser, og slik at arbeidet og bruk av arbeidsutstyr ikke medfører fare for sikkerhet og helse. Kommentardelen uttaler blant anna: Kvar arbeidsplass bør ha et golvareal på minst 6 m². Dette gjelder både enkeltkontor, felleskontor og kontorlandskap.
2. Dokumentasjon på ventilasjon og inneklime jf. Arbeidsplassforskrifta § 2-14.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjetle ledd. Sjå også § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

Arbeidstilsynet gjer merksam på at ein føresetnad for at samtykket er gyldig, er at vilkåra er oppfylte, og at vi kan gjennomføre tilsyn for å kontrollere om tiltak er utførte i samsvar med planane, og om eventuelle vilkår for samtykket er oppfylte.



Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynets område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og størrelsen på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2d og fastsatt beløpet til kr 8441,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar til denne adressa: Egil Danielsen Stiftelse, Nygaten 8, 5017 Bergen. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. De kan ikkje reise søksmål før klageåtgangen er prøvd jf. forvaltningslova § 27b. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og søksmål, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber om at arbeidsgivaren gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal representanten for dei tilsette få kopien.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetste ledd og 18-6 åttande ledd.

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at de som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir de kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetste ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

De kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via [eDialog](#). Les mer www.arbeidstilsynet.no/post.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2019/29342 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing



Arbeidstilsynet

VÅR REFERANSE
1093184/2019

4

Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B. Lægland
Tilsynsleder
(sign.)

Monica Vandaskog Valen
Seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Novaform AS Bjørnar Gilje